



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1760 - 18/23904

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
09.08.2018

Løyve til etablering av minireinseanlegg - gnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Kenneth Hodneland
Ansvarleg søker: Arkitekt Mette Kyed Thorson
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av minireinseanlegg Biovac FD5N PEH. Utsleppet skal førast i røyr ut til Austrevatnet.

Søknaden omfattar grunn- og terregnarbeid og leidningsnett. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.05.2018.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet og frå byggeforbodet langs sjø og vassdrag.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale i frå Teknisk drift i høve utslepp til Austrevatnet. Dette er vurdert i løyve til utslepp. Fylkesmannen i Hordaland er negativ til etablering av tilkomstveg, men har ikkje komme med merknad til avløpsanlegget. Vedtaket vert sendt Fylkesmannen til klageurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.



Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 14.05.2018.

Anlegget er plassert i nordaust på eigedomen og ca 95 meter i fra vegen. Det er eit krav i fra slamtømmebil kan legge leidning frå bil å fram til anlegget innan ei lengde på 100 meter. Vidare er det eit krav tank ikkje er plassert meir enn 8 meter lågare enn påkoblingspunkt på slamtømmebil. Anlegget er plassert på ca kote 14 og offentleg veg ligg i høve vår kartbase på kote +19. Tiltaket er vurdert plassert i samsvar med de krav som er satt for slamtømming.

Vatn og avløp (VA)

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 08.08.2018. Utsleppsløyve gjeld for minireinseanlegg av typen Biovac FD5N PEH og for totalt 5 PE.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispenseset frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søkeren, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulepper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Vurdering:

Eigedomen ligg innafor LNF-området i kommuneplanen. Vidare ligg det innafor 50 meters grense mot Austrevatnet. Anlegget skal gravast ned og vil difor ikkje vere synleg i landskapet. Det settast også krav til at leidning vert gravgard ned fram til utsleppspunkt/sjøkant.

Eigedomen er bebygd med fritidsbustad. Ved etablering av avlaupsanlegg knytt til denne fritidsbustaden endrar ikkje dette vesentleg på de forholda som allereie er etablert.

Samstundes er det naudsynt utifrå eit miljøhensyn å sikre god avlaupshandtering.

Etter ei samla og konkret vurdering finn ein å kunne godkjenne søker om dispensasjon i frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og føresegna 5.5 i kommuneplanen sin arealdel vedkomande byggjegrense mot vassdrag på 50 meter.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 vedkomande tiltak innafor LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealDEL og føresegn 5.5 i arealDEL av kommuneplanen vedkomande byggjeforbod innafor 50 metersgrensa mot vassdrag for oppføring av minireinseanlegg.

Dispensasjonsvedtaket skal sendast til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av minireinseanlegg Biovac FD5N PEH på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.05.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve gitt i administrativt vedtak datert 08.08.2018.
3. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve og dei vilkår som er satt i vedtak 08.08.2018, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Innmålingsdata som viser anlegget si plassering, evt skisse med utmål frå fast definerte punkt eller bygg. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve skal følgande vere innsendt til kommunen:
2. Det skal sendast inn serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagan skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagan skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1760

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at anlegget vert utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlige føresegner gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av anlegget må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Kenneth Hodneland	Postboks 7310 Vabøvegen 166 A	5020 5955	Bergen LINDÅS
---	----------------------------------	--------------	------------------

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS
-----------------------------	-----------	------	--------